



## ÅRSMELDING 2008

Gudbrandsdalsmusea AS vart stifta 25. juni 2008 med følgjande formål:

” Driftsselskapet er etablert ut frå ei felles målsetting om å drive og utvikle einingane ved Gudbrandsdalsmusea as som ei eining i eitt driftsselskap etter aksjeloven sine reglar. Driftsselskapet skal vere ein møtestad for arbeid med natur, kultur, kunst og kunnskap mellom fortid, nåtid og framtid i driftsselskapet sitt ansvarsområde. Eininga skal vidareutvikle sin kompetanse på natur- og kulturhistorie og vere aktiv i utviklinga av eit kulturbasert næringsliv. Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre/nye einingar som ligg innanfor driftsselskapets formål.

Selskapet skal vere eit non profit selskap. Eventuelt driftsoverskott skal først attende til driftsselskapet.”

Stiftinga var i forkant førebudd av eit interimstyre leia av Simen Bjørgen med Knut Korsæth som sekretær. Bakgrunnen var statens krav om konsolidering av museumsverksemd i større einingar. Interimsstyret tilsette dagleg leiar Solveig Nymoen i 100 % stilling. Interimsstyret aksepterte at ho tiltrådte stillinga 1.9.2008 inntil vidare i 60 % stilling. Interimsstyret sendte også ut brev til tilsette som ville bli omfatta av verksemdoverdraging og mottok aksept for dette. Hovudkontor er etablert i Skansen 7 på Otta. Stiftingsmøtet valde Tor Kjetil Lund, Ernst & Young AS, som revisor.

### Stiftingsmøtet valde følgjande styre for Gudbrandsdalsmusea AS:

Jan R. Rasmussen, Sør-Fron, styrets leiar (2 års funksjonstid – 1 år som leiar)  
Bård Hanem, Lom (1 år)  
Berit Meiningen, Lesja (1 år)  
Ragnar Jacobsen, Nord-Fron (2 år)  
Berit Forbord Moen, Norsk Fjellmuseum (2 år)  
Einar Høystad, Stiftelsen Ringeby Prestegard (1 år)  
John Olsen (tilsettes representant – 1 år)

Under konstituerande styremøte 9.10.2008 valde styret Berit Meiningen som nestleiar. Styret har i 2008 hatt to styremøte og behandla 14 saker.

I oppbyggingsfasen har alle formelle omsyn slik som innmelding i aktuelle offentlege registre, etablering av pensjonsordning og personforsikring, val av arbeidsgjevarorganisasjon, kjøp av rekneskapstenester frå Snøhetta Regnskap AS og etablering av formelle avtaler med dei ni eigarkommunane vorte gjennomført. Vidare har styret handsama og inngått samarbeidsavtale med Stiftinga Norsk Fjellmuseum. Styreleiar og dagleg leiar gjennomførte i meldingsåret også førebuing av sak om samarbeidsavtale med Vågå Historielag vedrørende Jutulheimen Bygdamuseum.

Dagleg leiar har gjennomført aktuelle medarbeidersamtalar og har hatt fellesmøte med dei tilsette i Museet i Nord-Gudbrandsdalen IKS som pr. 1.1.2009 går over til Gudbrandsdalsmusea AS som følgje av verksemdoverdraging. Som følgje av samarbeidsavtala med Stiftinga Norsk Fjellmuseum, vil ikkje tilsette der bli omfatta av verksemdoverdraging.

Sak om organisering av arbeidet i det konsoliderte museet vart send på høyring til dei tilsette i desember 2008, ei sak som formelt vart styrebehandla på nyåret 2009. Involvering og prosess har vore vektlagt i samband med verksemdoverdraginga. Dagleg leiar har også følgd opp sak om oppløysing og avvikling av Museet i Nord-Gudbrandsdalen IKS ovanfor dei respektive eigarkommunane.

### **Selskapets økonomiske stilling**

Rekneskapen for året 2008 er gjort opp med eit **overskot** på **kroner 71 615**. Av dette utgjer finansinntekter kroner 13 809 medan netto driftsresultat utgjer kroner 57 806.

Resultatet er som forventa i ljøs av at styret og dagleg leiar er oppteken av økonomistyring. Ein har kunne unngått å nytte reserveposten, og renteinntektene er noko høgare enn budsjettert.

Sum driftsinntekter i meldingsåret har vore kroner 435 000 tufta på at kvar av dei ni eigarkommunane Ringeby, Sør-Fron, Nord-Fron, Sel, Dovre, Lesja, Vågå, Lom og Skjåk har bidrege med kroner 15 000 i tilskott til driftsselskapet. Oppland fylkeskommune har overført kroner 300 000 i tilskott. Av dette har kroner 129 881 gått til dekning av interimsstyrets kostnader.

Selskapet har ikkje langsiktig gjeld, og skattetrekk er avsett skattetrekkskonto. Årets overskott er foreslått lagt til selskapets eigenkapital.

Føresetnad for fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapen for 2008 er sett opp under denne føresetnaden.

### **Arbeidsmiljø og likestilling**

Det er berre tilsett dagleg leiar (kvinne) i meldingsåret. Det har ikkje vore sjukefråver. Dagleg leiar har som omtalt foran, tilrettelagt for planlagd verksemdoverdrag. Gudbrandsdalsmusea vil bli tufta på ein desentral organisasjon – føringa låg der allereie frå interimsstyrets arbeid – og det har derfor vore viktig å etablere arenaer for samhandling også ved val av dataløysing. Verksemda inneber ikkje skade for ytre miljø eller forureining.

Styret består av 5 menn og 2 kvinner.

Otta, 25. mars 2009

29. april 2009

Jan Reinert Rasmussen

Berit E. Meiningen

Bård Hanem

Ragnar Jacobsen

Berit Forbord Moen

Einar Høystad

John Olsen